

Referat SMU Førde Barneskule



Dato/tid:	7. januar 2021 / 17:30-19:00
Deltakerar:	FAU: Therese Kleiven, Evi Ollikainen, Gunvor Solvik og Øyvind Korsøen Skulen: May Helen Midtbø-Norbom Siv Østerbø, Therese Helland, June Tjønneland Politisk vald: Leif Olstad (referent)

Nr	Sak	Oppfølging	Ansvar
1	<p>Konstituering</p> <p>Møtet starta ved at SMU vart konstituert. Følgjande vart samrøystes valde av møtet:</p> <p>Leiar – Øyvind Korsøen Nestleiar – Therese Helland Sekretær – Leif Olstad Vara sekretær – May Helen Midtbø-Norbom</p> <p>UDIR sin veileidar for SMU vart gjennomgått for orientering. Alle i møte signerte teiepliktskjema.</p> <p>Det vart diskutert intervall for møter og ein var einig i at ein vil vurdere dette etter behov framover.</p> <p>Møtedatoar for vår-2021. (tid) 3. mars (17:30) 21. april (17:30) 11. mai (17:30)</p>		

Referat SMU Førde Barneskule



2	<p>Godkjenning av førre referat Første møte - ikkje aktuelt</p>		
3	<p>Saker til handsaming i SMU</p>		
3a	<p>Informasjon frå administrasjon Coronaperioden har vore krevjande for dei tilsette på skulen. Dette har gjort at dei har vore slitne før jul. Administrasjonen ber om at foreldre har respekt for situasjonen og at dei bidreg der dei kan med å framsnakke skulen.</p> <p>Det er viktig med felles arrangement i klassane der alle vert inviterte med. Det er sjølvstøtt utfordrande no under Covid, men håpar at dette snar opnar opp igjen.</p> <p>Ny kommune etter kommunesamanslåing har gjeve ein del endringar. Nytt er "systemsaker" med rådgjeving frå PPT. Dei vert meldt inn av skulen der ein ser behov.</p> <p>"Barnevakten" – ynskjer innspel frå FAU om kva den kan brukast til. Eventuelt ynskjer for tema som kan være aktuelt å ta opp? Det er og moglg å få til kveldssamlingar for foreldre dersom det ønskjeleg. (dog med Covid- restriksjonar)</p> <p>Uteområdet til nytt bustadområde ved Indre Øyrane (utbyggjar Roska) 5-7. Klasse har vorte bedne om å komme med innspel. Dette er svært positivt då dette vert eit område i nærleiken av skulen.</p> <p>Ungdata junior-spørjeundersøking. Ungdata-junior er ei undersøking som blir gjennomført i Sunnfjord kommune blant elevar i 5.-7.klasse. Føremålet med undersøkinga er å gje barna mogelegheit til å fortelje lokale politikarar og styresmakter om korleis det er å vekse opp i kommunen. Undersøkinga skal skaffe ny kunnskap om barn i alderen</p>	<p>FAU kjem attende med forslag etter neste FAU-møte 20. Januar.</p>	<p>FAU</p>

	<p>10-12 år til kommunen sitt arbeid med denne aldersgruppa, og til forskning. Undersøkinga skal fange opp tendensar tidleg. Undersøkinga skal gjere det mogeleg å samanlikne med andre kommunar og nasjonale tal. Resultatet frå denne vert gjennomgått i SU/SMU når den er klar.</p>		
3b	<p>Systemsaker Vart gjennomgått i møtet. (konfidensielt)</p> <p>Informasjonsbehov Det vart diskutert eit ynskje om informasjon til foreldre i desse sakene i høve kva som skjer og vert gjort av tiltak. Foreldra ynskjer meir informasjon slik at dei i større grad kan støtte opp om satsingsområde i klassane.</p>	<p>Administrasjonen skal forsøke å etablere eit system for å gje meir hyppig oppdatering til heimane der det er pågåande systemsaker.</p>	Admin
4	<p>Skulebruksplanen og uttale med frist 10. januar Utkast frå administrasjonen, FAU og elevråd er sendt ut i forkant av møtet.</p> <p>Innhald vart diskutert og ein vart samde om at ein får til ein felles innsending med nokre justeringar.</p> <p>Det har via kommunestyret blitt bestilt ei utredning av bygningsmassen på skulen. (ref vedtak om opprusting av Sande Skule) Det blei etter møtet avklart frå administrasjonen at denne ikkje er ferdigstilt men er planlagt å leggjast fram for kommunestyret ila juni 2021</p>	<p>Vert sendt inn samla innanfor frist.</p>	

Referat SMU Førde Barneskule



5	Uteområde Sak vart utsett då det ikkje er noko nytt i saka per no. Anbodstilbod er straks klart.		
---	--	--	--